



Jan Ove Eide  
Beitingsvegen 228  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1629 - 18/13587

Saksbehandlar:  
Kristin Moe  
kristin.moe@meland.kommune.no

Dato:  
28.06.2018

## Førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt på gbnr 4/14

### Saka gjeld

Meland kommune har 06.09.2017 motteke melding frå firmaet Norva24 Vest AS om at septiktanken på egedommen gnr. 4, bnr. 14 manglar dykk i utløp.

### Grunngeving for førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt

Det følgjer av forurensningsloven § 7 første ledd at «ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning» uten at det er gitt løyve. Dersom utløpet manglar dykk, vil slam og forureiande stoff bli leda ut av slamavskiljaren til pumpekum/fordelingskum eller direkte til infiltrasjonsfilter, med stor fare for tetting av kum eller filter. Manglande dykk er ein feil som gjer at anlegget ikkje overheld reinsekrava og kan i verste fall føre til at kloakk slår inn i bustaden eller renn ut av tanken.

I medhald av forurensningsloven § 7 fjerde ledd jf. andre ledd kan kommunen pålegge den ansvarlege for forureining, om å sørgje for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av forureininga. Med bakgrunn i nemnde forhold, varslar kommunen om at det vil bli vurdert å gje pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt for å få brakt tilhøva i lovlege former.

### Varsel om pålegg om retting

Med heimel i forurensningsloven § 7, blir du no varsla om at tiltaket må bli retta **innan 03.09.2018**:

Retting må skje ved at ny dykk i utløpet blir ettermontert. For å montere ny dykk kan du kontakte eit godkjent røyrleggarforetak eller foretak som har ansvar for tømning av tanken din. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Kommunen må få skriftleg tilbakemelding når ny dykk er montert.

Dersom forholdet ikkje blir retta innan tidsfristen, vil Meland kommune vurdere å fatte vedtak der vi pålegg deg å montere ny dykk i medhald av forurensningsloven § 7. Pålegg om retting vil i så fall bli gitt i særskild vedtak (eige brev) ved utløp av tidsfristen.

### **Varsel om ilegging av tvangsmulkt**

Med heimel i forurensningsloven § 73 gjev Meland kommune varsel om at kommunen kan fatte vedtak om ilegging av tvangsmulkt dersom det ulovlege tiltaket ikkje er retta, og kommunen ikkje har motteke dokumentasjon på dette, **innan 03.09.2018**.

### **Tilbakemelding**

Når septiktanken er reparert, må du og eventuelle sameigarar fylle ut det vedlagde tilbakemeldingsskjemaet for utført arbeid og returnere det til kommunen innan den nemnde fristen.

- E-post: [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)
- Brev: Postboks 79, 5906 Frekhaug

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 56171000 eller du kan sende e-post til [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no).

### **Dine rettar**

Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt. Det kan til dømes vere at du meiner opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre forholdet. Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Meland kommune oppmodar dykk om å nytte uttaleretten.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Kristin Moe  
juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Skjema for tilbakemelding

**Mottakere:**  
Jan Ove Eide

Beitingsvegen 228 5918

FREKHAUG